

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
25/2014	Hovudutval for plan, landbruk og teknisk	PS	19.03.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Kjersti Flatråker	14/758	

Delingssak gbnr 99/41 Ystebø - deling av eigedom - fritidsbustad - dispensasjon- klage frå Fylkesmannen i Hordaland

Forslag til vedtak:

Saka vert lagt fram utan innstilling

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk - 25/2014

PLT - behandling:

Hovudutvalet sitt framlegg til vedtak.

Klage frå Fylkesmannen i Hordaland vert ikkje teke til følgje og vedtak i sak 100/13 vert stadfesta.

Grunngjevinga er at det ikkje har komen fram nye opplysningar i saka slik at den tidlegare vurderinga står ved lag. Eigedommen er grunnlendt og lite egna for landbruksdrift, mellom anna fordi det ikkje er tilkomst for å slå med maskinelt utstyr. Eigedommen har liten økonomisk verdi for bruket.

Hovudutvalet har lagt vekt på nærleiken til andre fritidsbustader og at oppføring av ein fritidsbustad her fremstår som ei fortetting.

Hovudutvalet vedtok samrøystes sitt eige framlegg til vedtak.

PLT - vedtak:

Klage frå Fylkesmannen i Hordaland vert ikkje teke til følgje og vedtak i sak 100/13 vert stadfesta.

Grunngjevinga er at det ikkje har komen fram nye opplysningar i saka slik at den tidlegare vurderinga står ved lag. Eigedommen er grunnlendt og lite egna for landbruksdrift, mellom anna fordi det ikkje er tilkomst for å slå med maskinelt utstyr. Eigedommen har liten økonomisk verdi for bruket.

Hovudutvalet har lagt vekt på nærleiken til andre fritidsbustader og at oppføring av ein fritidsbustad her fremstår som ei fortetting.

Saksopplysingar:

Vurdering

Slik rådmannen vurderer det er det ikkje komme fram nye moment i klagen frå Fylkesmannen som ikkje var vurdert i handsaming av saka.

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk får saka til ny handsaming og må gjere nytt vedtak. Utvalet kan stå fast ved sitt siste vedtak eller endre det i tråd med Fylkesmannen sitt ynskje.

Om utvalet vel å oppretthalde sitt vedtak om å gje dispensasjon vert saka sendt tilbake til Fylkesmannen, og då vidare til setjefylkesmann, for endeleg avgjerd.

Konklusjon

Rådmannen vel å leggje fram saka til politisk handsaming utan innstilling til vedtak.

Vedlegg:

Delingssak Gbnr 99/41 Ystebø - Deling av eigedom - Klage over dispensasjon til frådeling av fritidseigedom

Radøy - gnr 99 bnr 41 - klage over dispensasjon til frådeling av fritidseigedom

Gnr 9941 Ystebø - Søknad om deling av eigedom - dispensasjon i frå arealøremål LNF i kommuneplan
- handsaming etter plan- og bygninlova